



Bingoentreprenørar

## Dispensasjon frå forskrift om bingo

Lotteritilsynet viser til henvendingar frå fleire bingoentreprenørar om dispensasjonar frå forskrift om bingo i samband med utfordringar knytt til stenging av bingohallar som følge av koronaviruset. Vi viser og til tidlegare dispensasjonar gjeve som følgje av smittesituasjonen.

Det blir særleg vist til regelverksutfordringar knytt til bruk av nettspel.

Lotteritilsynet har i forskrift om bingo § 34 ein heimel til å kunne «dispensere fra bestemmelsene i denne forskrift». I praksis har det blitt kravd tungtvegande grunnar for at Lotteritilsynet skal gjere dette.

Lotteritilsynet har på bakgrunn av situasjonen vi står oppe i, bestemt å gje følgande dispensasjonar frå forskrift om bingo til dei aktørar som stenger sine bingohallar.

- § 4a), 1 ledd «Den enkelte bingo hall kan formidle hovedspillet i bingo hallen til spillere på internett»

Det er eit krav i dag om at hovudspel må spelast i bingolokalet samtidig med at det spelast på nett. Lotteritilsynet gjev midlertidig dispensasjon frå kravet om at hovudspel også må skje i bingo hall for å kunne spelast på nett. Det betyr at ein kan spele hovudspel på internett, sjølv om ein ikkje har det ope i bingo hallen.

Opningstider for bingospelet på nett kan vere frå kl. 10 på formiddagen til kl. 22 om kvelden. Hovudspelet som brukast, skal ha opplesing av tala som blir trekt. Det betyr at det ikkje kan spelast på meir enn eit hovudspel samtidig.

- § 4a), 3 ledd, 1 pkt. «Den enkelte spiller må registrere seg ved personlig oppmøte i den hallen der vedkommende ønsker å delta i hovedspillet»

Lotteritilsynet gir også midlertidig dispensasjon frå kravet om personleg oppmøte. Nye spelarar må registrere seg online ved hjelp av BankI for å kunne bli kunde.

Lotteritilsynet presiserer at alle nye spelarar som ikkje har registrert seg ved fysisk oppmøte i bingo hall, må gjere det når bingo hallane opnar igjen. Dersom dei ikkje gjer det, skal dei slettast som nettspelkunde.



Vår dato  
13.04.2021

Vår referanse  
20/02610-68/534

---

I medhald av lotterilova § 13, 1 ledd, set Lotteritilsynet følgjande vilkår til marknadsføringa av spela for å framleis kunne gje dispensasjon:

1. Det skal ikkje marknadsførast direkte mot enkeltpersonar, til dømes gjennom tekstmeldingar, e-post eller ulike formar for verving.
2. Det er ikkje tillat å nytte nokon form for bonusar som ledd i marknadsføring av onlinespela.

Dispensasjonane ovanfor blir gitt foreløpig fram til og med 28. april 2021. Lotteritilsynet vil vurdere forlenging fortløpande basert på situasjonen rundt koronaviruset og dei råd og anbefalingar som elles gjeld i samfunnet.

Nye aktørar som ikkje har hatt nettspel tidlegare, må foreta ei risikovurdering av dette før dei startar opp, jf. kvitvaskingsregelverket.

Med helsing

Turid Søgner  
rådgjevar

Tore Bell  
seniorrådgjevar jurist

Dokumentet er godkjent elektronisk og blir sendt utan signatur.